

MÅNDAG 23. februar 2009 Nr. 37

108. årg. - Laussal kr 20,-

[sunnhordland.no](http://sunnhordland.no)



## Ny, tøff utfordring for Føden



Stortingsmeldinga «En gledeleg begivenhet» er kanskje ikkje så gledeleg for Stord sjukehus. Det meiner seksjonsleiar Johannes Carlsen (biletet). Han er tvert om veldig skuffa. Stortingsmeldinga erstattar talgrenser med kvalitetskrav.

Carlsen seier det hjelper lite med planar når det ikkje er fagfolk å få tak i. Han har ikkje ein einaste søker frå Skandinavia til jobbar ved avdelinga på Stord. **Side 2 og 3**

### Inga A4-framsyning



Fredag hadde «Papir», ein ballett, premiere i Stord kulturhus. Ei framsyning som går inn i scenehistoria som eit særsyn og med innhald og innsats som tilseier at eit større publikum får høve til å sjå «Papir», skiv meldaren vår. **Side 8 og 9**

### Brenn for brukt

Om kort tid opnar ein ivrig dugnadsgjeng på 35 personar bruktbutikk i Elektrogården i Sagvåg. Det vert den 15. gjenbruksbutikken som Norsk Luthersk Misjonssamband opnar i landet. **Side 5**

**FITJAR**  
Viste seg fram Side 7

**BØMLO**  
Skadeverk Side 2

**TYSNES**  
Tidevasskraft Side 6

### Menytilbud mandag - onsdag!

<b>Røkt svinekam</b> pr kg <b>39,90</b>	<b>Cevita appelsinjuice</b> 1 liter, pr fl + pant <b>29,90</b>	<b>Fersk selfilet</b> pr kg <b>39,90</b>	<b>Ferske svinekoteletter</b> pr kg <b>38,90</b>
<small>Foto: Mediabank Vi tar forbehold om eventuelle trykkfeil og prisjusteringer</small>	<small>Foto: Eksporthuset AS</small>	<small>Foto: Eksporthuset AS</small>	<small>Foto: First Price</small>
<b>Gulrot</b> 1 kg, Norge pr pose <b>7,90</b>	<b>Smaksgulrot</b> 600 g, Norge pr pk <b>16,90</b>	<b>Omo vaskepulver</b> 1,17 kg, Omo Color/ Omo Ultra hvit <b>29,90</b>	<b>MENY</b> Friheit til å velge



Ei bok som ikkje blir opna er bare ein murstein av papir.

Kinesisk ordtak

TIPS SMS  
**1938**

TIPS **40 40 32 40**  
SENTRALBORD **53 45 00 00**



## Endrar ikkje «Blikk»-praksis

**MAGASINLITTERATUR:** Hordaland fylkesutval avistre på møte 19. februar å endra praksis vedkomande kjøp av bladet «Blikk».

Fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg (KrF) sette fram slikt forslag: Bladet «Blikk» har ein annonsepraksis som

formidlar nettstader for kjøp og sal av pornografi. Dette medfører i Hordaland fylkeskommune ikkje vil vidareføra innkjøp av «Blikk» til bibliotek og venterom.» Forslaget fekk fire røyster (to KrF, to FrP) og fall.

## Stjernekvartett til Tysnesfest

**KONSERT:** Arrangøren av storarrangementet på Tysnes til sommaren jublar. «Halleluja-gutta» kjem nemleg.»Gutta» er Kurt Nilsen, Espen Lind, Alejandro Fuentes og Askil Holm. I 2006 selde dei 260.000 album. No gjer dei come-back, og Tysnes vert éin av stoppestadene under turneen dei skal ha. Til Tysnes

kjem dei torsdag 9. juli, den dagen Tysnesfest startar. Ein fest som går over heile fire dagar, tettpakka med program. Sigvard Madsen i arrangørstabben er kjempeglad over meldinga om at dei fire karane vil ta turen til Tysnes. Han reknar med storinnrykk av publikum til både den konserten og heile helga elles.

# Spektakulær syntese på tynt papir

**- Dette står ikkje tilbake for grieghall, festspel og dronning i salen!**

Anerkjenninga kom frå Stordordførar Liv Kari Eskeland etter den spektakulære fram- syningen «Papir» i kulturhuset på Leirvik fredag.

Me har ingen vanskjer med å sluttas oss til orda hennar. Det er teke mange kulturelle løft i storsalen, men ingen så originale, og på same tid så festlege, leikne, alvorlege, mystiske, overraskande, gavmilde, intime, overdådige, varierte, fantasiegivande, eksperimentelle og papirforbrukande som dette.

Papir vert aldri det same etter «Papir».

### Som eit værregn

Mørkret senkar seg i salen, og Sveinung Birkeland dukkar opp med lange pustelydar frå oboen sin. Straks er det som ei værleg regnbyge dreg forbi bak sceneteppet, rasling frå ni store boksars kledd med blankt avispapir. Boksar utan liv, rein matematikk. Så bøyar ein av dei seg mot publikum. Her er det visst liv likevel. Snart er boksane i sakte kino, usystematisk fram og attende, til alle bukkar samstundes for publikum og går attende i grunnstilling.

Birkeland pustar på nyt. Det oppstår pulserande lys i boksane, og det lever og vibrerer til dels heftig inni dei. Innestegne figurar dansar, og dei brettar papir på hardet livet. Den tildelegare franske finansministeren Silhouette ville ha nikka anerkjennande. To av boksane står tett saman, utan teikn til liv, inntil det rører seg der og. Noko vil ut, verda forløyst, og det skjer.

Heile første akt er ei intens utfordring for auga og øyra og fantasiene. Her er nerve frå første stund, ein nerve som er naken mot slutten.

### Monumentalt

I andre akt løyer det seg opp i leik og dans med papir i

ulike former; flagg, vimplar, propellar, hjul og vindmøller. Dei ni jentene frå boksane utfalda seg og har det gøy. I tredje akt sit jentene i oval og sender rullar med papir mot kvarandre slik at det til slutt minner om eit edderkoppnett. Så byrjar nettet å leva, det løfter seg tre-fire meter og svevar som ein gedigen papirinstallasjon over scena. Dansarane spring ut i salen og stiller opp svært papirfaner, girlandrar vert kasta over strenger som er spente over publikum. Heile nedre sal er innhylla i eit luftig papirslokk. På scena dukkar Magdalena From Delis opp som fé, og snart er dei ni jentene inne som ein forknytt, buktande masse av komplisert koreografi. Mot slutten er det som dei gjer opprør. Dei raskar ned papir frå sal og scene og komprimerer det til ein haug på golvet. Der ligg det i mørkret og gløder frå seg den siste energien.

Det er eit stort pluss for fram- syningen at publikum er ute av stand til å føresjå det som skjer. Kvar kan spinna si eiga historie. Det einaste som er sikkert at leikande menneske fyller papiret med energi ein dryg time før det er klart for resirkulering

### Full kontroll

Dansarane frå Stord, Bømlo og Kvinnherad er dei beste som finst på kulturskulen i regionen. From Delis har fått rikeleg att for eit formidabelt instruksjonsarbeid og langvarig terping på rørsler og uttrykk. Gruppa er synkronisert så det er ei frys. Ein ting er dei frie rørslene på scena – like krevjande er dei finslepane og sakte detaljane i siluettboksane.

Multikunstnar Jorund Fjøsne har utfalda ein uhemma fantasi då han bygde opp og regisserte fram- syningen, men det er ikkje tøyleslaust. Alt skjer med stor arkitektonisk spennvidde innanfor overordna stramme linjer.

Fram- syningen var heilt avhengig av eit modellerande lys. Lysfolka frå ZLYD gjorde ein utmerka innsats.



Leik og dans med eit stort mylder av papir.

Komponist Knut Vaage stod for musikken, som var moderne utan å vera påtrengande. Snarare følgde han aktørene som ein integrert del av rørslene. Musikken vart framført av dei tretten profesjonelle musikarane i det Bergen-baserete ensemblet BIT 20. Også dei fekk ein liten sekvens med papirarbeid; febrilsk blading i notepapir under leding av dirigent Lars-Erik ter Jung. Og dansarane var – vinnarar alle saman: Maaike Croles Fitjar, Siri Elisabeth G. Sortland, Marianne G. Skulstad, Hanne Kathrine Ølfarnes Lillevik, Ina Celise Sortland, Brita Grov, Vilde Nylund, Anita Aarvik Myhre og Siren Årvik Nysether.

### Snabbedyret

Men publikum fekk også to bonuspor i tillegg til balletten,

og som utvida både papir- og musikkuttrykket. Fram- syningen opna med sjetteklassingar frå Rommetveit skule, studentar ved høgskulen og Knut Vaage sjølv, som framførde eit humoristisk lydverk med både tradisjonelle og uvanlege instrument. Dette orkesteret initierte det som skulle skje ved å kvikra ordet papir, først uhøyreg, så med stigande styrke.

Mellom første og andre akt var Sveinung Birkeland på ferde med oboen att, som eit snøftande og snusande snabeldyr. Så fekk han los på dei fremste radene, og ein flokk på ti elevar følgde etter han opp på scena. Det kunne vere Rottefangaren frå Hameln, men slutten var mykje meir lukkeleg, med lydeik på avis- og matpapir.

Publikum reagerte spontant med ståande ovasjonar etter ei

### BALLET

**«Papir, ein ballett**  
**Med:** dansarar frå kulturskulane i Stord, Bømlo og Kvinnherad og elevar frå Rommetveit skule  
**Scena:** Stord Kulturhus  
**Idé og regi:** Jorund Fjøsne  
**Koreografi:** Magdalena From Delis  
**Musikk:** Knut Vaage  
**Orkester:** BIT20  
**Dirigent:** Lars-Erik ter Jung  
**Publikum:** 258

fram- syning som går inn i scenehistoria som eit særsyn. Praktfullt at slikt vert produsert og framført i regionen. Innhold og innsats tilseier at eit større publikum bør få høve til å sjå «Papir».

OLAV BJØRKUM

## Søkjer tilskot til Amfi-konsertar

**MUSIKK:** Moster Amfi AS søker Bømlø kommune om 20.000 kroner i tilskot til intimkonsertane i Amfisalen i 2009. Det første året fekk dei midlar frå Norsk Kulturråd til desse konsertane, men no er det opp til kommunane å støtta slike tiltak. Det er planlagt seks ulike konserter i Amfisalen,

der Anne Grete Preus og Lill Lindfors/Ketil Bjørnstad er blant dei som skal opptre.

Gerd Helen Selle, dagleg leiar i Moster Amfi vonan på støtte slik at prosessen med å innarbeida Amfisalen som ein særeigen intimkonsertarena kan halda fram med full styrke.

## Fire kjempar om skulepris

**KULTURPRIS:** Den kulturelle skolesekken deler kvart år ut ein pris til dei skulane i landet som har vore flinkast til å satsa på kultur. I år kjempar fire finalistar om prisen på 100.000 kroner.

Dei fire nominerte er: Gosen skole i Stavanger, Kolnes skole på Karmøy, 14 grunnskular i Kongsvinger kommune og Andalsnes ungdomsskole.

Til saman 16 skular var med i vurderinga til juryen, og leiar av fagjuryen Maj Britt Andersen seier det var

vanskeleg å plukka ut fire finalistar.


– Mange skular har forstått kor viktig det er å arbeida langsiktig med kultur, både ved å ta godt i mot besøk av kunstnarar utanfrå og ved å integrera besøka i skulekvardagen, seier ho.

Vinneren blir kunnjort 17. mars når prisen, som blir kalla Gullsekken, blir delt ut på Hamar.

Prisen har også ein klasse for utøvande kunstnarar. (©NPK)



Sakte har har ei av jentene brote barriieren og kome seg fri.



“ ”

**Praktfullt at slikt  
vert produsert og  
framført i regionen**

Brita Grov frå Stord er ei av jentene som er med i «Papir». Her tittar ho ut av papirkoksen sin.

## Kosebamsane inntok galleriet

### Saman med fullt av små folk som har bruk for akkurat slike.

Laurdag var det opning av Galleri Giga si utstilling «Dundelina». Dette er ein figur i forfattar Roald Kaldestad si nye barnebok. Tekstildesignar Monica Sanchez frå Guatemala har illustrert boka, og laga kolleksjon med barneklede, plakatar og kose-dyr som forteljinga handlar om. Bodil Haga feirar eittår-

sjubileum for selskapet sitt Bo Design og Foto. I denne utstillinga viser Haga stemningsfulle fotografi som utvider kjensla av verda til Dundelina. Det handlar om barnedom. Mjuke folk, mjuke dyr og mjuke klede.

### Lett og enkelt

Monica Sanchez lagar mønster som vert sende til Tyrkia.

– Men dei minste figurane har eg sydd sjølv, og broderi, seier ho. Ho har ein enkel, men uttrykksfull strek som

avslører humor hos designaren. Når det gjeld Kaldestad, så er det ei svært så lita bok han kjem med denne gongen. Han har minna seg tilbake til eigin barndom då han låg i senga si og høyrd på spøkelse. Dundelina veit råd. Ho tek ein støvsugar, støvsuger alle spøkelsa før ho puttar dei inn i hovudputa og syr att. Utstillinga vert vist i halvannan veke.



Roald Kaldestad, Bodil Haga og Monica Sanchez saman om utstilling i Galleri Giga.

INGVILD SJØ  
ingvild@sunnhordland.no